

Eittminutts standup-formidling i mobile bibliotek

Rapport

1/11 2013 sende biblioteka i Lindås og Osterøy søknad om støtte frå Hordaland fylkesbibliotek sine LEIK-midlar til eit formidlingsprosjekt retta mot bokbussar og bokbåt i Hordaland.

Målet var å gjere medarbeidarane i våre mobile einingar til stand-up-formidlarar av barnebøker. Vi meinte at forma ville passe godt for mobile einingar der formidlinga skal skje i eit raskt tempo i eit uroleg og tett miljø. (Vedlegg 1).

Alle deltakarane skulle lese 10 bøker, og arbeide vidare med kvar si bok av dei ti, møtast på Vestlandske teatersenter for hjelp til framføring av tekst og endeleg prøve ut framføringa i ein arbeidssituasjon.

Prosjektet fekk tildelt kr 8000, og samarbeid med Frøydís Flotve, Vestlandske teatersenter, vart etablert. Ho meinte idéen var god, og at arbeidsforma kunne ha overføringsverdi til andre bibliotekarar.

Invitasjon vart send ut til aktuelle deltakarar. (Vedlegg 2).

Tilsaman var 8 personar interesserte i å delta: 4 deltakarar frå Lindås bibliotek, 2 frå Osterøy bibliotek, 1 frå Kvinherad bibliotek og 1 frå Hordaland fylkesbibliotek. 3 måtte melde avbod før/undervegs og 1 ny kom til.

Leseliste vart utarbeidd av Thomas Brevik, Lindås bibliotek og Doris Rippe, Osterøy bibliotek. (Vedlegg 3).

På første samling, 29. april, gjekk deltakarane gjennom bøkene på leselista . (Vedlegg 4: Plan for dagen).

Alle hadde notert ned tankar rundt bøkene på eit felles skjema. (Vedlegg 5).

Dette skjemaet danna grunnlaget for diskusjonen rundt kvar bok. Samtalene gav eit godt utgangspunkt for vidare utarbeiding av eit stand-up-framlegg . Kvar deltakar valde ei bok dei ville jobbe vidare med.

Deltakarane vart og samde om den vidare arbeidsplanen for prosjektet. (Vedlegg 6).

6.10 2014 møtte deltakarane til samling på Vestlandske teatersenter. Frøydís Flotve hadde utarbeidd plan for dagen .(Vedlegg 7)

Det vart ein spanande og lærerik dag, der tekstane vart korta ned og omarbeidd. Målet var å skape ei interesse for bøkene på kortast mogleg tid. Timane gjekk fort, men alle satt att med gode tekstar som eigna seg til framføring. Vi fekk ikkje tid til å arbeide med sjølve framføringa slik målet opphaveleg hadde vore. Men alle gav uttrykk for at dei hadde god nytte av tekstbearbeidinga. (Vedlegg 8; tekstane).

I løpet av hausten prøvde deltakarane ut opplegget, og prosjektet vart avslutta med ei samling 2. desember. Deltakarane konkluderte med at dette er ein arbeidsform som er nyttig, lærerik og

inspirerende. Sjølve «stand-up»-ideen er noko som ein må strekkja seg etter. I første omgang er det nyttig å utarbeide gode, korte framføringar som vert lagt inn i ei planlagt ramme. På bokbåten er det til dømes naturleg å ha «5-bøker-på 5-minutt»-program i forkant av kulturprogrammet. Bokbussane vil lage tilsvarande «rom» der dei kan formidle bøkene. På den siste samlinga valde ein ut bøkene som skulle lesast for neste år, sjå vedlegg 10.

Prosjektleiinga vil takke Hordaland fylkesbibliotek for støtta og alle deltakarane for aktiv medverknad. Det var ein dyktig og inspirerende gjeng – som kjem til å bli eit kraftsenter for barnebokformidling i Hordaland. Vi ønskjer lukke til vidare når formidlingsarbeidet no går inn i fasta formar!

Budsjett og rekneskap –vedlegg 9.

Plan for det vidare arbeidet:

«**Mobile formidlarar**» -vert ei fast gruppe sett saman av bokbussbibliotekarar frå Kvinnherad, Lindås, Osterøy og Bokbåten. Målet er å vidareutvikle litteraturkunnskap og formidlingskompetanse gjennom å lese og diskutere barnebøker og å lage gode bokpresentasjonar som skal visast for flest mogleg på dei lokale mobile einingane.

Gruppa har 3 samlingar i året

Samling 1: (april/mai)

Alle les 8-10 bøker og kjem saman i mai for å diskutere bøkene og fordele utarbeiding av presentasjonar.

Samling 2: (august/september)

Alle tek tekstane med og arbeider saman med Vestlandske teaterlag om å utarbeide eit «5-bøker på 5-minutt»-program

Praktisering av program på lokale bussar og båt.

Samling 3: (November/desember; dagen for Årets bøker)

Oppsummering av årets opplegg – utveljing av bøker som skal vere med i presentasjonen neste år.

Kostnader: Utgiftene til Vestlandske teatersenter vert delt mellom Lindås – Osterøy – Kvinnherad og Hordaland fylkesbibliotek. Lokale utgifter til bøker, vikar osv vert dekkja av dei lokale biblioteka.

3. desember 2014

Marit Gro Berge

VEDLEGG

Vedlegg 1

SØKNAD

Eittminutts standup-formidling i mobile bibliotek!

Vi søker med dette om å få dekke utgifter til eit samarbeid med til dømes Vestlandske Teaterlag for å dyktiggjera medarbeidarane på Bokbåten EPOS og bokbussane til Osterøy og Lindås bibliotek.

Målet er å gjere medarbeidarane til stand-up-formidlarar av barnebøker. Vi trur at forma vil passe godt på mobile einingar der formidlinga skal skje i eit raskt tempo i eit uroleg og tett miljø.

Formidling handlar om utvelging, kunnskap og framføring.

Vi vil derfor etablere eit forum på inntil 10 deltakarar der dette blir ivareteke. På eit møte før jul vil vi samle dei det gjeld for å bli samnde om kva litteratur som vil fengje lesarane og som gruppa meiner det er verd fokusere på. Deltakarane vil velgje ut ti bøker som alle skal lese, og der kvar av deltakarane får ansvaret for å lage eit framlegg til eittminuttsformidling på kvar si bok.

På ei samling i begynnelsen av februar vil gruppa arbeide saman med Vestlandske Teaterlag om standup-formidlinga. Vi har god erfaring med kurs i formidling som vi har engasjert Teaterlaget til å halde. Vi ønskjer å teste ut dette før sommaren, og eventuelt justere opplegget før ei tilsvarande runde til hausten. Søknaden gjeld reelle utgifter i samband med dei to kursdagane.

Helsing Bente Dammen, Osterøy bibliotek og Marit Gro Berge, Lindås bibliotek.

**Vedlegg 2
INVITASJON**

**Til bokbåtbibliotekarane på EPOS
Til bokbussbibliotekarane på Lindås og Osterøy**

Lindås og Osterøy har gleda av å invitere dykk med i eit barnebokforum, med utgangspunkt i leik-prosjektet «Eittminutts standup-formidling i mobile bibliotek!»

Målet er å gjere medarbeidarane på desse arbeidsplassene til stand-up-formidlarar av barnebøker. Vi trur at forma vil passe godt på mobile einingar der formidlinga skal skje i eit raskt tempo i eit uroleg og tett miljø.

Formidling handlar om å velje ut, om litteraturkunnskap og om framføring. Vi vil derfor etablere eit forum på inntil 10 deltakarar der dette blir ivareteke. Alle les 10 bøker som vi diskuterer på eit møte i Bergen 29. april, kl 10-15. Leselista følgjer under.

Denne første lista er sett saman av Lindås og Osterøy for at vi kan kome raskt i gang. Neste gong kan alle vere med å lage leselista. På møtet vil vi diskutere bøkene på leselista, kva vi trur vil fengje lesarane og kva gruppa meiner det er verd å fokusere på i bøkene. På møtet vel kvar av deltakarane ei bok dei vil jobbe vidare med. Denne boka lagar dei eit framlegg til eittminuttsformidling på.

På ei samling i midten av september vil gruppa arbeide saman med Vestlandske Teaterlag om standup-formidlinga. Vi har god erfaring med kurs i formidling som vi har engasjert Teaterlaget til å halde.

Vi håpar at dette opplegget kan bli opptakten til faste samlingar og oppdateringar mobilbibliotekarar imellom. Akkurat stand-up-formidlinga vert å sjå på som eit prøve-prosjekt, så kan vi justere måten å arbeide på undervegs.

Kurset er vert dekkja av Leik-midlar frå Hordaland fylkesbibliotek.

Fint med tilbakemelding om alle kan den 29. april, innan 10. februar.

Helsing Bente Dammen, Osterøy bibliotek og Marit Gro Berge, Lindås bibliotek.

Vedlegg 3

LESELISTE

(Utarbeidd av Thomas Brevik og Doris Rippe)

Adele Lærum Duus - Oldefars ulveskinnsjels

Jon Ewo - 1920

Lene Kaaberbøl - Villheks 1. Eldprøva

Heidi Linde - Pym Pettersons mislykka brevvenn

Erna Osland: Venner med venger (Deltakarane får tildelt denne til biblioteket frå Bokbåten)

Tor Arve Røssland - Svarte Matilda

Kari Stai - Jakob og Neikob

Eivor Vindenes: Alt kan reparerast (Deltakarane får tildelt denne til biblioteket frå Bokbåten)

Anne Viken: Elise og mysteriet med dei døde hestane

Torkil Williksen: Trippel F

Vedlegg 4

PLAN FOR FØRSTE SAMLING

Møte 29. april: «Eittminutts standup-formidling i mobile bibliotek!»

10.00 - 10.15	Om prosjektet
10.15 - 10.30	Adele Lærum Duus - Oldefars ulveskinnsjels
10.30 - 10.45	Jon Ewo - 1920
10.45 - 11.00	Lene Kaaberbøl - Villheks 1. Eldprøva
11.00 - 11.10	Pause
11.10 - 11.25	Heidi Linde - Pym Pettersons mislykka brevvenn
11.25 - 11.40	Erna Osland: Venner med venger
11.40 - 11.55	Tor Arve Røssland - Svarte Mathilda
11.55 - 12.45	LUNSJ
12.45 - 13.00	Kari Stai - Jakob og Neikob
13.00 - 13.15	Eivor Vindenes: Alt kan reparerast
13.15 - 13.30	Anne Viken: Elise og mysteriet med dei døde hestane
13.30 - 13.45	Torkil Williksen: Trippel F
13.45 - 14.15	Avslutning

Vedlegg 5

SKJEMA FOR GJENNOMGANG AV BØKENE TIL STAND-UP-MØTET (Ta med i 2 eks.)

Forfatter:	
Tittel:	
Innhald:	
Tema:	
3-5 adjektiv for å karakterisere boka:	
Kven passar boka for:	
Andre bøker som liknar?:	
Din første «usensurerte» reaksjon	

Vedlegg 6

ARBEIDSPLAN FOR PROSJEKTET

Fram til 29. 4	Deltakarane les 10 barnebøker
29.4	Møte: Diskusjon, utveksling av synspunkt, fordeling av bøker -1 til kvar
Fram til 15. 8	Deltakarane lagar ei grovskisse til 1.minutts stand-up på si bok. Send som e-post til marit_gro.berge@lindas.kommune.no . Marit sender skissene samla vidare til Vestlandske teatersenter.
Veke 38/39	6 timar: Arbeide saman om presentasjonen med gruppa / Vestlandske teatersenter
September oktober november	Prøve ut presentasjonen på båt eller buss. Minst 2 gonger.
Veke 49	Oppsummering, og utarbeiding av plan for eit fast formidlingsforum?
Kontinuerleg	Deltakarane vurderer kva for nye 10 bøker som kan kome med på lista neste år.

Vedlegg 7

Standupformidling

VELKOMMEN TIL KURS: **På Cornerteateret mandag 6. oktober 09.30-15.**

Program:

1. Felles start og plan

- Alle fortel om sin idé, si bok og sitt utgangspunkt for standupformidling.

2. Oppvarming og øving

- metodar og teknikkar som kan nyttast i formidlingssituasjonar og som kan vere aktuelle i det vidare arbeidet.
- **Kommunikasjonsteknikk** - korleis bli tydelegare i formidling av budskap verbalt og fysisk.
Utforske ulike kommunikasjonsmoglegheiter / Bli tryggare på det ein ø nskjer å formidle / Stemmebruk og fokus / Lytting, samarbeid, sansing og spontanitet

3. Gruppearbeid

- I gruppene skal ein ta for seg idear og hjelpe kvarandre til å ta nokre val.

4. Individuell vidareføring

- Kvar deltakar jobbar med sine idear og dei andre sine innspel. Omfang, kjerne, og oppbygging av formidlinga.

Lunsjpause 12.00-12.30

5. Samling i plenum

- Utfordringar og spørsmål. Korleis kan ein best fortsette arbeidet?

6. Gruppearbeid

Vidareutvikle tankar rundt formidlinga. Med bakgrunn i siste evaluering i gruppene, innlemme idear og element samt vidareutvikle teksten. Vise og forklare hva ein har tenkt. Få tilbakemelding på formidling, språk, stemmebruk, kroppsspråk.

7. Siste hand på verket.

- Deltakarane samanfattar dei siste innspela!

8. Framføring og oppsummering

- Deltakarane prøver ut standupformidlingane sine og får tilbakemelding av dei andre deltakarane og frå kursleiar.

Vedlegg 8

Slik vart dei endelege tekstane

Ewo, Jon: 1920

Desperasjonen tyter ut av sidene på denne boka.

Håkon Lie er en tøffing, men verden er tøffere og han går på trynet gang etter gang.

Han får sikkerhetspolitiet på nakken, raner en bank og havner på en fangeleir som og er en oljeboringsplattform i Nordsjøen i 1920!

Kommer Håkon til å overleve morderiske fangevoktere og medfanger?

Den er så spennende at du må ikke lese boka seint på kvelden.

Linde, Heidi: Pym Pettersons mislykka brevvenn

Les s 13: **frå** «Hallo? ropte pappa fra gangen»

til «Svensker

er faktisk blant verdens hyggeligste folkeslag, visste dere det?»

Pym sin klasse har møtt fram for å ta imot vennskapsklassen sin frå Sverige som dei har brevveksla med, men Pym si brevvenninne dukkar ikkje opp, og ho blir ståande åleine.

MEN det er ein annan som og står åleine. Det er ein gut som nett hadde flytta, og begynt i den svenske klassen...

Les s 43: «Han så virkelig uinteressert ut. Stakkars den som måtte ha han boende hos seg, tenkte jeg.»

Osland, Erna: Venner med venger

- Dina går bort til vinduet. Der får hun øye på noe hun aldri har sett før- ... Det er en fugl – men det er ikke en svarttrost ...eller en spurv.... eller en annen fugl hun kjenner...

Det er en fugl hun ALDRI har sett før! OG DEN ER SÅ FIN; Rosa på brystet og litt hvit og litt svart.

«Venner med venger» er en bok der du får vite mye om fugler: Det er en bok om venner - Om fuglevenner - Og om menneskevenner

-Hva i all verden er det for slags fugl? Dina blir stående helt stille og følge med på at den tripper utenfor huset – helt til den flyr vekk. Da løper hun til bokhyllen og finner fugleboken til farfar – hun blar og blar – men finner ingen fugl som likner!

Røsland, Tor Arve: Svarte Mathilda

Svarte Mathilda, Svarte Mathilda, Svarte Mathilda.....eg seier det berre tre gonger, for ho skal visst vise seg i spegelen om du kallar på ho sju gonger.. og då kjem ho å drep deg!

Denne boka handlar om Elisabeth. Ho og mora har nett flytta til ei ny leilegheit. Elisabeth føler at det er noko her, ho kjenner ein isande kulde. Så får Elisabeth vite at for 20 år sidan budde det ei anna jente her, ho blei knivstukken og drepen. Mordet blei aldri opp klart. Elisabeth er tøff og ho vil finne ut kva som skjedde....vil du vite kven Svarte Mathilda er – og kvifor ho viser seg i spegelen når du ropar på ho.. og du likar litt grøss og gru??...Ja då ville eg ha lese denne...

Vindenes, Eivor: Alt kan repararast

Anton har fått tak i nøklene til vaktmesteren, med dem kan han låse seg inn hvor han vil i blokka.

Han ta på seg superheltdrakten sin og sniker seg ut midt på natta.

Tvillingene Pomp og Prakt har delt leiligheten sin i to på midten, og nåde den som kommer over på feil side.

Fyrstinna vil ha alle hun kjenner hjem til seg på festmiddag, men hun tør ikke invitere.

Frank har første dag på ny jobb og er dritrett.

Problemene er så ikke veldig store, men nettopp derfor er det kanskje en liten superhelt, som er den rette for å ordne opp i de voksne sine problemer

Vedlegg 9

Budsjett og rekneskap

Inntekter:

Hordaland fylkesbibliotek	kr 8000
---------------------------	---------

Utgifter:

Vestlandske teatersenter	kr 6000
Avslutning	kr 1566
Diverse kontorutg.	Kr 434
SUM	kr 8000

Vedlegg 10

LESELISTE FOR 2015

bu,u

Bruheim, Magnhild, n., 1951-

Motorsykkelmysteriet : roman / Magnhild Bruheim. - Oslo : Samlaget, 2014. - 223 s.. - (Stian og Stine ; [1])

mu

Cashore, Kristin, am.

Katsa. 1 / Kristin Cashore ; oversatt av Carina Westberg. - [Oslo] : Cappelen Damm, 2014. - 485 s.. - (Nåde-gaven ; 1)

b,bu

Gulliksen, Geir, n., 1963-

Joel og Io : en kjærlighetshistorie / Geir Gulliksen ; illustrert av Anna Fiske. - Oslo : Aschehoug, 2014. - 53 s. : kol. ill.

bl/b,bu

Meisingset, Thorborg Rebolledo, n., 1948-

Sky / Thorborg Rebolledo Meisingset (tekst) & Akin Duzakin (illustrasjoner). - Kolbotn : Magikon, 2014. - [39] s. : kol. ill.

bu,uq910.911 O

Ousland, Bjørn, n., 1959-

Amundsen gjennom Nordvestpassasjen / Bjørn Ousland. - [Oslo] : Cappelen Damm, 2014. - [57] s. : kol. ill.

bu,u

Røyset, Ingunn, n., 1965-

Dei et ikkje sjokoladepålegg i krigen : roman

bu-mu

Svingen, Arne, n., 1967-

Revolvergutten / Arne Svingen. - [Oslo] : Gyldendal, 2014. - 201 s.

b,bu

Valeur, Tiril, n., 1975-

Leo får en liten onkel